



Statens vegvesen

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSEN

Yvonne Hauge

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
19/46608-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
18.03.2019

Varsel om oppstart av detaljregulering for Solhaug bustadområde – gnr. 137 bnr. 17 m. fl. – Alverflaten – Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 01.03.2019 med varsel om oppstart av planarbeid for eigedomen gnr. 137, bnr. 17 m. fl. i Lindås kommune. Plan ID: 1263 201901.

Planområdet ligg sentralt på Alverflaten i Lindås kommune i nærleiken av skule, barnehage og andre offentlege tenester.

Føremålet med planarbeidet er å utvikle arealet til bustader og legge til rette for utvikling av nabolag. Det er tenkt utvikling av 12 einingar i fleirmannsbustader og nokre tomter for einebustader. Planområdet har i dag direkte tilkomst frå fylkesveg 565 Alverflaten for eksisterande bruk av eigedomen.

Det vert i august 2016 teke kontakt med Statens vegvesen i samband med ynskje om regulering av den aktuelle eigedomen. Statens vegvesen gav då tilbakemelding på e-post den 17.08.2016.

Sitat: «Etter vårt syn bør området primært knytte seg til fv. 565 i eksisterende arm til rundkjøringen i sørvest. Dagens avkjørsel er ikkje dimensjonert for utbyggingen som dere skisserer for området. Dersom utbyggingen skal baseres på dagens avkjørsel må det påregnes krav om oppgradering til kryssutforming, jfr. håndbok N100, og minimum passeringslomme. Plangrensen må derfor omfatte avkjørselen, fv. 565 forbi området og tilstrekkeig areal til passeringslomme på sørsiden av vegen. Det kan også bli behov for omlegging av g/s-veg og avkjørsel på sørsiden, for å få plass til passeringslommen. Vi vil derfor anbefale at kryssutformingen skissees før plangrense fastsettes, slik at det avsette tilstrekkeig areal».

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vi kan ikkje sjå at våre merknader frå 2016 er teke omsyn i det framlegget til plangrense som no vert presentert.

Vi vil derfor på nytt be om at våre merknader frå 17.08.2016 vert teke omsyn til og at det vert sendt nytt varsel om oppstart av planarbeidet for den aktuelle eigedomen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Seksjonsleiar

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN